

Nexi Bygg AS er i Bergen tingrett dømt til å oppfylle ei kontrakt om kjøp av Skuteviksboder 9 frå Sol AS ved daglig leiar Tommy Røssland for 16,1 millionar kroner. Røssland er frå Uskedalen og busett her.

- Dette har vore ein lang prosess for oss og vi er glade for at retten har gjeve oss medhald. Dommen gjer det mogeleg for oss å sjå framover, seier Røssland, som endeleg får oppgjer for eigedomssalet.

Kontrakta det gjeld vart inngått i april 2008, men Nexi Bygg klarte ikkje å oppfylle ho på grunn av økonomiske problem sommaren 2008.

Røssland gjev uttrykk for at han er svært fornøgd med måten advokat Øystein Hovland har teke tak i saka på etter at tingsretten forkasta konkursbegjæringa til Sol mot Nexi Bygg i fjor vinter.

I september 2008 hevda Nexi Bygg seg ubunden av kontrakta på grunn av bristande førsetnader.

Selgjaren begjærte firmaet konkurs i desember som følge av kontraktsbrotet, men tingretten forkasta begjæringa i eit rettsmøte der selgjaren og advokaten deira, Øystein Horneland, ikke var til stades. Tingretten måtte omgjera beslutninga etter anke frå advokat Horneland, som hadde vore oppteken i ei anna rettssak og heller ikkje hadde vore lovleg varsla.

Tingretten fastslår at innsigelsane som Nexi Bygg gjorde gjeldande for å komme ut av avtalen heilt klårt ikke kunne føra fram etter den bevisførsel som fann stad.

Bergens Tidende melder at Nexi Bygg enno ikkje har teke stilling til om dei vil anke.

Til same avis seier Tommy Røssland at salet betyr vere eller ikkje vere for Sol AS.

- Vi begynte å få problem då vi vart sitjande med eit tomt bygg og rentekostnader utan inntekter, seier han.

Av Ola Matti Mathisen